

Innsparingstiltak – budsjett 2026

Planområde 5			
Tiltak	Argument for tiltak	Konsekvenser for å gjennomføre tiltaket	Kostnad/ innsparing
Legg fram ein politisk sak for å vurdere ein justert vegplan.	Ein oppdatert vegplan kan prioritere ressursar betre og redusere kostnader. Ved å justere planen kan kommunen utsetje eller fjerne tiltak som ikkje er kritiske no, t.d. reasfaltering av mindre trafikkerte vegar, grøfterensk eller utviding av brøyteruter. Politisk handsaming sikrar forankring.	Litt dårlegare vegstandard enkelte stader (særleg på lite brukte vegar). Det kan bli meir hol i vegen, vatn i grøftene og klager frå folk i områda som får mindre vedlikehald. Dette kan spare fleire hundre tusen til millionar – alt etter kor mykje asfalt, grøfter og brøyting som blir utsett. Men: Mindre vedlikehald no kan bety større kostnader seinare.	
Legg fram ein politisk sak for å vurdere ein justert maskinplan.	Ein ny maskin skal berre kjøpast inn dersom ein kostnadsanalyse viser at utstyret gir reell innsparing på drift innan 5–10 år. Dette gir meir målretta investeringar og sikrar at maskinparken faktisk bidrar til å redusere driftskostnader (t.d. mindre leige, lågare reparasjonar, meir effektiv drift).	Strammare investeringar betyr at noko utstyr kan bli gammalt og krevje meir vedlikehald. Det kan gi fleire driftsstansar på kort sikt. Samtidig får kommunen betre kontroll på pengane og dokumentasjon på kva som faktisk løner seg. Ved å berre kjøpe maskiner som	

		sparer kostnader, kan ein på sikt kutte fleire hundre tusen per maskin.	
Overføre driftsansvar for grendehus og kulturhistoriske bygg til bygdelag/foreiningar gjennom avtalar	Kommunen reduserer sine løpande driftsutgifter (straum, kommunale avgifter, forsikring, vedlikehald) samtidig som bygga kan vidareførast som lokale møteplassar. Gir eigarskap og ansvar til lokalsamfunna.	Det kan vere vanskeleg for små lag å ta over ansvaret for bygga. Då kan vedlikehald bli dårlegare og aktiviteten gå ned viss oppgåva blir for krevjande. Løysinga er politisk enklare enn å selje, men krev gode avtalar. Kommunen kan spare fleire hundre tusen i året per bygg – og slepp kostnader til sikring eller riving.	Byrte: 100 000 Åmdalsverk samfunn: 200 000 Lårdal Grendehus: 100 000 Lårdal Barnehage: 65 000
Legge ned Byrte barnehage	Kommunen reduserer sine løpande driftsutgifter (straum, kommunale avgifter, forsikring, vedlikehald)	Se struktur oppvekst	250 000
Legge ned Åmdalsverk Barnehage	Kommunen reduserer sine løpande driftsutgifter (straum, kommunale avgifter, forsikring, vedlikehald)	Se struktur oppvekst	440 000
Selge Eik prestegard (Lårdal Prestegard)	Kommunen reduserer sine løpande driftsutgifter og kommande vedlikehold kostnader	Bustaden kan seljast på det opne marknaden. Det blir tilrådd å bruke inntekta til å betale ned lån eller investere i ENØK-tiltak som gir vidare innsparing. I dette tilfellet er gevinsten rekna som reduksjon i lånegjeld.	100 000

ENØK - investeringar. For å senke utgiftene på drift av bygg som kommunen har.	Kommunen brukar ca. 6 mill. kWh pr. år. Reell kostnad er ca. 0,50 kr/kWh (3 mill. kr/år). Ved å gjere målretta ENØK-tiltak kan ein redusere energibruken med 10–30 %. Prioriteringsrekkefølge: 1. Helse- og omsorgssenteret (kan få inntil 50 % investeringstilskot frå Husbanken). 2. Andre bygg utan varmepumper (t.d. administrasjonsbygg, barnehagar). 3. Kulturhuset (har allereie varmepumper, bør avvente større tiltak). 4. Skule (avvente til avklaring om nybygg/ombygging).	ENØK-tiltak ved helse- og omsorgssenteret har stort sparepotensial, men krev investeringar. Husbanken kan dekke 50 % av kostnadane, og tiltak som vindaugsskift og betre isolasjon kan redusere straumforbruket med 10–30 %. Senteret brukar ca. 1,6 mill. kWh i året, og allereie eit kutt på 10 % kan gi opptil 160 000 kr spart årleg. Nedbetalingstid er normalt 5–10 år, og investeringa vil kunne gi fleire hundre tusen i årleg innsparing etter dette. Tiltaka kan føre til kortvarig driftsstans under installasjon.	350 000
Setter bort drift av bygg	Ved å konkurranseutsette eller inngå avtalar med eksterne aktørar kan kommunen redusere eigne lønskostnader og få meir føreseielege driftsutgifter. Eksterne leverandørar kan ha større stordriftsfordelar (innkjøp, spesialkompetanse).	Å sette bort drift kan gi mindre fleksibilitet og svakare lokal kontroll. Det kan føre til færre kommunale stillingar og dårlegare kvalitet viss avtalen ikkje er god. Tiltaket er politisk krevjande. Det kan gi innsparing ved mindre lønskostnader, men kjøp av tenester kostar – og gevinsten varierer mykje.	0

		Å sette bort drift utan å selje bygget vil oftast bli dyrare, sidan ein ny aktør også skal ha fortjeneste.	
Redusere intervall på vasking av areal.	Legge reinhald på nivå med INSTA 800 (målbar kvalitetsstandard) og justere frekvens etter faktisk bruk og risikonivå. Skule: klasserom frå dagleg → 3–4 g/veke (gulv/tørk etter behov). Grendehus: frå regelmessig → ved bruk (utløyst av booking). Helsebygg: alle rom har eige toalett → redusert frekvens på låg-risiko areal, men behalde dagleg på smitte-/pasientnære areal og kjøkken.	Mindre reinhald kan gi litt lågare standard – støv og søl kan bli liggande lenger. Det må setjast tydelege krav til kvalitet og følgjast opp med gode rutinar. I helsebygg skal det ikkje reduserast på kritiske område. Tiltaket kan gi 5–15 % færre reinhaldstimar, spesielt i skular og grendehus. Det tilsvarer innsparing på 0,5–1,5 årsverk, eller 300 000–1,2 mill. kr i året over tid. .	600 000
Sette ein eiga andel for foreiningar/lag for å leige kommunale hus/bygg.	I dag har mange foreiningar låg eller ingen kostnad ved bruk av kommunale bygg, noko som gjer at kommunen ber alle driftsutgiftene (straum, reinhald, vedlikehald). Ved å innføre eigenandel får brukarane eit medansvar og kommunen reduserer sine netto kostnader.	Å innføre eigenandel for leige av kommunale bygg kan gi mindre aktivitet og misnøye blant lag og foreiningar. Nokre arrangement kan falle bort, og tiltaket kan opplevast som dårlegare service. Samtidig er det rettferdig sett frå kommunen si side, og kan gi ei innsparing på 50 000–200 000 kr i	50 000

Gjennomgang av utleiekostnader kommunale bygg, og kva for bygg som skal leigast ut .	Gir kommunen oversikt og rettferdig prissetjing. Dagens leigeinntekter er ca. 4 mill. kr/år . Ved å oppdatere satsane og harmonisere med faktiske kostnader kan ein auke dette med ca. 10 % .	året avhengig av nivået på eigenandelen. Potensiell auke i inntekter: ca. 400 000 kr/år (10 % av dagens nivå).	400 000
Vurdering om bygg skal bli omfatta av ordninga “leige til eige”	Gjer det mogleg for kommunen å selje hus gradvis til noverande leigetakarar. Kommunen slepp på sikt vedlikehaldsutgifter og får eigarskap overført til private. For leigetakarar kan ordninga vere ein veg inn i bustadmarknaden.	Ved sal av kommunale bustader mister kommunen noko kontroll og fleksibilitet i bustadpolitikken. Det kan også bli problem viss kjøpar ikkje klarer å halde bygget ved like. Utveljing av kjøparar kan vere politisk krevjande. På sikt sparer kommunen drifts- og vedlikehaldskostnader, og kan få inntekter ved sal. Innsparinga avheng av kor mange bustader som blir seld men det kan utgjere millionbeløp over tid.	30 000

Gjennomgang av programvare/ lisensar, gjelder alle avdelingar	Kommunen har i dag mange ulike program og lisensar. Ein systematisk gjennomgang kan avdekke dobbeltlisensar, program som ikkje blir brukt, og moglegheit for betre innkjøpsavtalar eller overgang til felles løysingar. Dette kan gi betre kostnadskontroll.	Overgang til nye program eller lisensar kan gi litt meirarbeid og krevje opplæring. Nokre tilsette kan miste tilgang til program dei er vane med.	50 000
Privatisering av kommunale vegar.	Kommunen har ca. 65 km kommunal veg fordelt på 2 200 innbyggjarar – høgt nivå pr. innbyggjar samanlikna med mange andre kommunar. Ved å privatisere utvalde vegar kan kommunen redusere utgifter til brøyting, vedlikehald, asfaltering og grøfterensk. Ressursane kan konsentrerast på hovudvegane og dei mest brukte strekningane.	Privatisering av vegar betyr at innbyggjarar og hytteeigarar må stå for brøyting og vedlikehald sjølve. Dette kan gi misnøye, særleg i utkantar, og føre til ulik vegstandard og dårlegare framkome for eldre og andre med særskilde behov. Det krev ein juridisk prosess for overføring av ansvar. Ved 10 km privatisert veg kan kommunen spare 300 000–500 000 kr/år, men det kan også komme kostnader til avklaringar og informasjon.	300 000
Vurdere bassengtilbod, opningstider i kommunen.	Tokke har berre 2 200 innbyggjarar, men driftar to basseng. Kvart basseng brukar mykje straum og krev dagleg reinhald.	Ved å leggje ned eitt basseng blir tilbodet redusert – og enkelte må reise lengre. Skular og lag får færre tider, og det kan bli misnøye frå brukarane.	350 000

Legge ned eitt basseng + redusere opningstid på det gjenstående (1. januar–15. april)	Ved å leggje ned eitt basseng, kan ein redusere både energibruk, bemanning og reinhaldskostnader.. I tillegg til innsparing frå kan kommunen korte ned sesongen på det attverande bassenget. Dette gir ytterlegare reduksjon i straum og reinhald.	Det gir samtidig innsparing på straum og reinhald, samla ca. 280 000–380 000 kr per år. Ved å redusere drifta av basseng, blir det også mindre behov for straum, reinhald og kjemikalier. Eit kortare sesong gir ekstra innsparing på ca. 200 000 kr/år, i tillegg til tiltaket med å leggje ned eitt basseng.	150 000
Vurdere tilbudet rundt treningsrom i kommunen.	Dagens pris er 300 kr/halvår eller 600 kr/år. Dette er svært lågt samanlikna med marknadspris for treningssenter (vanlegvis 3 500–6 000 kr/år i regionen). Med ca. 150 brukarar i dag gir dette inntekter på om lag 90 000 kr/år. Ved å auke prisen til t.d. 1 000 kr/år vil inntektene framleis vere langt under marknadspris, men gi eit betydeleg bidrag til drift.	Høgare pris på treningsrom kan gi litt færre brukarar, spesielt blant ungdom og dei med låg inntekt. Det kan bli kritikk, men tilbudet blir vidareført begge stadar. Dagens inntekt er ca. 90 000 kr/år. Ved 1 000 kr per brukar kan inntekta auke til 150 000 kr, og ved 2 000 kr til 300 000 kr.	60 000
Ikkje leige ut bustader med ekstra utstyr, som til dømes kvitevarer.	Kommunen har årlege kostnader med utskifting av kvitevarer i utleigebustader (ca. 5–10 stk pr. år). Ved å ikkje stille med slikt utstyr, slepp	Viss leigetakarar må skaffe kvitevarer sjølve, kan tilbudet opplevast som dårlegare – spesielt for dei som har lite å rutte med.	50 000

	kommunen løpende utgifter og ansvar for reparasjonar. Leigetakar må sjølv ha med eller kjøpe kvitevarer, som er vanleg praksis i private marknaden.	Det kan også bli vanskelegare å leige ut bustadene. Samtidig kan kommunen spare 25 000–70 000 kr i året, som på sikt kan brukast til anna vedlikehald.	
Sommar stengte bygg	Stenging av bygg med lite aktivitet om sommaren gir lågare kostnader til straum og reinhald, og frigjer ressursar til ferieavvikling. Tiltaket kan spare opptil 5 % av straumkostnadene. Kulturhuset, biblioteket, idrettshallen og samfunnshus følgjer skuleruta, og kommunehuset er stengt i tre veker om sommaren.	Stenging av enkelte bygg om sommaren gir avgrensa tilgang for innbyggjarar og lag. Tenester som administrasjon og bibliotek må tilpassast, men kan løysast med digitale løysingar eller samlokalisering. Tiltaket kan spare ca. 150 000–250 000 kr/år, hovudsakleg på straum, reinhald og drift.	150 000
Auke gebyr for tilkopling av vatn og avløp på hus.	I dag betaler berre hytter tilkoplingsavgift, medan bustader og næring ikkje gjer det. Ved å innføre gebyr også for hus og næring får kommunen inntekter som kan brukast til å betale ned gjeld i VA-sektoren. Dette kan på sikt bidra til lågare årlege gebyr for alle abonnentar. Det er vanleg praksis i mange andre	Å innføre tilkoplingsgebyr gir høgare kostnader for nye bustadar og næring. Det kan vere ei ulempe for tilflytting og bli opplevd som politisk vanskeleg. Men tiltaket kan gi inntekter – t.d. 250 000 kr/år viss det blir bygd 5 bustader og gebyret er 50 000 kr.	O

	kommunar å krevje tilkoplingsgebyr ved nybygg.	Over 10 år kan det gi 2,5 mill. kr som kan brukast til å redusere VA-gjeld og halde gebyra låge.	
Redusere tal på stillingar i PO. 5	Status: 30,34 årsverk innan administrasjon, reinhald og drift. Totalt areal: 42 605 m², der 32 770 m² er formålsbygg. Ifølge KLP-norm (1 årsverk per 1 200 m²) tilsvarer dette eit behov på 35,5 årsverk – kommunen ligg altså under norm. Vidare kutt i bemanning bør berre skje dersom ein også reduserer areal. Elles risikerer ein dårlegare kvalitet og meir etterslep. Det bør lagast ein plan for naturleg avgang og prioritering av kva areal som kan fasast ut. NB: Det er vedtatt å fjerne ei stilling frå 2. kvartal 2025 – denne er ikkje rekna med her.	Scenario A (utan arealkutt): Bemanninga på 30,34 årsverk er allereie under norm for dagens areal. Det bør difor ikkje kuttast meir utan å redusere arealet. Scenario B (med arealkutt på 3 600 m²): Normtal tilseier 32,5 årsverk. Tokke har 30,34, så det er framleis ikkje grunnlag for fleire kutt utan at det går utover kvaliteten. Alternativ: berre formålsbygg + Funksjon 2650 (32 770 m²): Her er norm 27,3 årsverk. Med 30,34 årsverk er det mogleg å vurdere å kutte 1 stilling – spesielt dersom ein samtidig sparar energi og effektiviserer reinhald. Økonomisk effekt: 1–2 årsverk: 600 000–1,6 mill. kr/år Arealkutt 3 600 m² = ca. 362 500 kr/år Samla innsparing: 1,0–2,0 mill. kr/år	2 000 000 kr
Administrative tiltak: 1. ENØK (slokk lyset, skru ned varme om	1. Kan gjerast utan store investeringar. Reduserer energibruk gjennom	1. Kan opplevast som kaldare på morgonen og litt meir regulering av komfort. Treng oppfølging av drift. 2–5 % av 6 mill. kWh = 120–	400 000

sommaren, VP, SD-anlegg,) 2. Renovasjon blir stengt på vinterhalvåret på brygge, bobilcamping og badeplassar. 3. Auke grad av kjeldesortering. 4. Redusere avfall, bruk av kjemikalie. 5. Bruke eigne tilsette til reperasjonar av bilar og maskiner, til dømes dekkomlegging o.l. 6. Sjå alternativ når det gjelder adgangskort, kode 7. Vurdere brøyteavtaler , standard og lønnsemd ved bruk av eigne folk til brøyting og strøing. 8. Alle kurs skal vurderes av innhold og nytteverdi, før det blir bestilt	styringstider, nattsenk og betre oppfølging. 2. Låg bruk vinterstid. Færre tømningar og mindre forsøpling rundt behaldarar. 3. Mindre restavfall og lågare avfallsgebyr. Betre miljøprofil. 4. Standardisere dosering bruke konsentrat og mikrofiber mindre farleg avfall og lagerrøkt. 5. Mindre kjøp av eksterne tenester raskare responstid kompetansebygging internt. 6. Færre fysiske kort gir lågare kostnader og mindre administrasjon. 7. Optimalisere mellom eigne mannskap og innkjøpt kapasitet. Redusere overlap og tomkøyring.	300 000 kWh/år. I Teknisk-budsjett $\approx$ 120–300 000 kr/år netto kommune halvparten. 2. Brukarane må ta avfall til næraste heilårspunkt. Behov for god skilting og info. Avhengig av renovasjonsavtale. Typisk 15 000 kr/år spart i henting og drift. 3. Treng fleire behaldarar og opplæring. Risiko for feilsortering i startfasen. 5–15 % av avfallsbudsjettet. Døme: ved 800 000 kr/år $\rightarrow$ 40–120 000 kr/år. 4. Krev rutinar, opplæring og kontroll. Kan gje merkbare endringar for reinhaldsvanar. 10–25 % av kjemikaliebudsjett. Døme: ved 300 000 kr/år $\rightarrow$ 30–75 000 kr/år. 5. Treng tid i plan og ev. enkelt verktøy. Risiko for kø i høgsesong. Binding av eigne timar. Nettogevinst 60–150 000 kr/år. Ev. eingongsutstyr 50–100 000 kr. 6. Kode må roterast. Krev litt opplæring og rutinar. Lisens og	
---	---	---	--

9. Grad av overtidsbruk i PO 5. 10. Investere i automatikk for å spare driftstid. Ved kvar utskiftning av teknisk utstyr (investering/vedlikehold) , skal ein alltid ha første prioritert å kutte arbeidstid for mannskapet. 11. Booking av kommunale bygg gjennom felles system.	8. Reduserer reise og kurskostnader målrettar kompetanse. 9. Betre planlegging, beredskapslister og ressursdeling reduserer overtid. 10. Prinsipp om at nytt utstyr skal redusere manuelle timar. Gir lågare driftskostnad og betre kvalitet. 11. Mindre manuelt arbeid reinhald utløyst «ved bruk» betre utnytting og fakturering.	kortkostnader ned 10–40 000 kr/år. Ev. oppstart 10–30 000 kr. 7. Endra ruter og forventningar kan gi klager i overgangsfasen. Potensielt 5 % av brøyte og strøbudsjett ved optimalisering. Tal avhengig av avtalar. 8. Færre kurs kan svekke kompetanse dersom ein kuttar feil. Hald på lovpålagde kurs. 20–40 % kutt i kurs og reise. 9. Mindre fleksibilitet og kan krevje omlegging av arbeidsoppgaver. 10–20 % reduksjon av dagens overtid. Døme: ved 400 000 kr/år i overtid → 40–80 000 kr/år. 10. Kan auke innkjøpspris noko må vurderast mot spart timetid. Betaler seg typisk på 1–3 år. Potensielt 0,1–0,3 årsverk spart pr. bygg-portefølje over tid 11. Innføring og opplæring. Endra rutinar for lag og innbyggjarar. Frigjer 0,2–0,4 årsverk administrasjon og reinhald. Nettonytte 100–300 000 kr/år minus ev. lisens 15–40 000 kr/år.	
--	---	---	--